



## Statens vegvesen

Terje Olav Olsen  
Lurevegen 755  
5912 SEIM

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Region vest Tone Bøyum / 55516792 17/90715-13 04.09.2019

### Førehandstilsegn – Avkørsle – Fv. 5476 (fv. 404) – Lurevegen – Gnr. 151 bnr. 2 – Lindås kommune

Vi viser til søknad av 24.07.2019.

#### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§43](#) gir vi løyve til etablering av avkørsle fra fv. 5476 til eigedomen gnr. 151 bnr. 2 i Lindås kommune.

#### Vilkår for løyvet

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg fra Vegdirektoratet 16.7.1964* og *forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg fra Samferdselsdepartementet 26.2.1982*.

1. Avkørsla skal plasserast i tråd med situasjonsplan, datert 24.07.2019. I tillegg skal ein følgje *Prinsippskisse*, som ligg ved. Avkørslepunktet kan justerast noko for å få best mogleg tilpassing til stadlege forhold slik at siktkravet vert tilfredsstilt.
2. Løyvet gjeld avkørsle til gnr. 151 bnr. 2 (landbruk) og bnr 13 (bustad).
3. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkørsla skal vere minimum 45 meter til kvar side av køyrebana. Eventuelle planter og liknande kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter (*Sjå Prinsippskisse*).
4. Svingradius skal vere 4 meter (8 meter i diameter). Svingradius skal markerast tydleg med til dømes grøft, betongkant eller annan avvisande kant mot sideterrenget. Det smalaste punktet i avkørsla skal ikkje vere meir enn 5 meter (*Sjå Prinsippskisse*). Tilkomstveg / sekundærveg skal ikkje koplast på før svingradius er følgt minst 180°.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

5. Stigningskravet må haldast (*sjå Prinsippskisse*). Vi vil her særleg gjere merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen md 5 cm på dei første 2 meterane.
6. Dersom avkøyrsla går over ei veggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyret må vere tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna.
7. Dersom det ikkje er snuplass der frå før, må det etablerast ein snuplass inne på eigedommen, slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på offentleg veg.
8. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til riks-/fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkørsel, frisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
9. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, må det vedlagde skjemaet *Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkørsel* underskrivast og sendast i retur. Avkøyrsla skal vere godkjend av Statens vegvesen før nye byggearbeid blir set i gang.
10. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år etter at løyvet er gitt, viss ikkje fell løyvet bort.

Eigaren eller brukaren av avkørselen har sjølv ansvaret for at krav til utforming slik det er gitt i dette vedtaket til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Statens vegvesen trekke tilbake løyvet.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/gravemelding/gravetillatelse>

### Bakgrunnen for vedtaket

Statens vegvesen skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkørsel frå.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og ÅDT (årsdøgertrafikk) er 900. Fylkesvegen er klassifisert til *Haldningsklasse 4* jf. *Rammeplan for avkørsler med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest (2017 – 2020)*. Det vil mellom anna seie at vi kan gje løyve til ny avkørsle dersom krav til utforming av avkørsle kan tilfredsstilla.

Søknaden er grunngjeven med at eksisterande bustad i dag berre har gangtilkomst og at det er behov for å etablere trygg tilkomst til landbruksareala på vestsida av fylkesvegen.

Eit absolutt krav vi stiller til nye avkørsler er at siktforholda skal vere tilfredsstillande. Ved synfaring 28.09.2019 målte vi sikta og vi vurderer at sikta i dag ikkje er tilstrekkeleg, særleg retning venstre i avkørsla retning Lygra. På synfaringa diskuterte vi også ei justering av avkørslepunktet i høve til å oppnå best moglege siktforhold, samstundes som ein tek omsyn til eksisterande grøfter og terreng. Slik vi ser det må deler av mur / skjering mot fylkesveg ved bustaden fjernast for å få tilstrekkeleg sikt. Dess lengre mot sør avkørsla vert plassert dess betre vert siktforholda og dess mindre av muren må takast ned. Du må sjølv finne den optimale plasseringa av avkørslepunktet, og kan foreta justeringar innanfor eit par meter i lengderetninga til fylkesvegen. Du må gjerne ta kontakt oss før vidare arbeid vert sett i gong.

### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest Pb. 43, 6861 Leikanger, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
faggruppeleiar

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
LINDÅS KOMMUNE, Felles postmottak Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

### Vedlegg

Veglova [§ 40](#) og [§43](#)  
Situasjonsplan  
Krav til utforming av avkørsle  
Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkørsle

Statens vegvesens saksnummer 17/90715

### Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøysle

Eg/vi melder om at avkøysle frå fv. 5476 til parsell av gnr. 151 bnr. 2 i Lindås kommune er ferdig opparbeidd i samsvar med vilkår fastsett i løyve datert 04.09.2019.

.....  
Sted/dato ..... underskrift søker/grunneigar

.....  
Underskrift utførende entreprenør

Samtykke sendast til: [\[Sett inn adresse\]](#)